



Ny kommune i indre Sunnfjord

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

16/3693-103-ØH-
FE - 002

Dato:

12.06.2017

Ny kommune i indre Sunnfjord - referat frå møte i prosjektgruppa 09.06.17

Tidspunkt : Fredag 09.06.17 kl 12.00 – 14.15

Stad : Førde rådhus, møterom Haukedalen

Til stades frå prosjektgruppa:

Atle Fasteland, Stian Jakobsen, Ellen Jensen, Torill Anita Segtnan, Elin Enebakk og Øystein Høyvik

Andre til stades knytt til møte med helse- og omsorgsnettverket:

Kirstin Bruland, Kurt Even Andersen og Oddvar Holsen

Fråfall frå prosjektgruppa:

Trond Ueland, Ole John Østenstad, Marit Solheim og Øyvind Bang-Olsen

Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva
12.00 – 12.05	Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 02.06.17
12.05 – 13.30	Møte helse- og omsorgsnettverket <ul style="list-style-type: none">• Informasjon frå prosjektgruppa om status i arbeidet• Informasjon frå nettverket om kva arbeid som skjer?• Kort gjennomgang av oversikt utarbeidd av nettverket• Nærare gjennomgang av to utkast til prosjektplanar<ul style="list-style-type: none">○ Fagprogram (sendt ut tidlegare)○ Tenestestandar (sendt ut tidlegare)• Helse-/legeteneste• Ev.
13.30 – 13.45	Avklare innhald møte i styringsgruppa 16.06.17, fellesmøte 21.06.17 og Fellesnemnda 28.06.17
13.45 – 14.45	Avklaringar knytt til styringsdokumentet <ul style="list-style-type: none">• Hovudløp og fasar• Sekretariat• Involvering/drøfting med tillitsvalte og verneapparat
14.45 – 15.00	Ev.

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 02.06.17

- Godkjent

Møte helse- og omsorgsnettverket

- Prosjektgruppa informerte om arbeidet med forslag til styringsdokument – og som det vil bli gitt nærare orientering om i møte 22.06.17
- Helse- og omsorgsnettverket informerte frå arbeidet i eige nettverk/sektoren

- Helse- og omsorgsnettverket si oversikt pr 06.04.17 vart gjennomgått. Nettverket vil innan 20.08.17 oppdatere oversikta, og då med fokus på på få fram prioritering av oppgåver: Kva må vere på plass før 01.01.20, kva bør vere på plass før 01.01.20 og kva kan/bør vente til etter 01.01.20 (raud, gul og grøn markering)
- Prosjektplan for innkjøp av felles fagprogram vart gjennomgått. Helse- og omsorgsnettverket vil innan 20.08.17 oppdatere planen – og då med særskilt fokus på effektmål, resultatmål og gevinstar
- Prosjektplan for etablering av felles tenestestandard vart gjennomgått. Helse- og omsorgsnettverket vil innan 20.08.17 oppdatere planen – og då med særskilt fokus på effektmål, resultatmål og gevinstar
- Prosjektgruppa v/ Øystein Høyvik får i oppgåve å inviterer til dialogmøte i august/september 2017 knytt til etablering av lege-/helseteneste mv i ny kommune. Følgjande blir invitert: Legeforeninga v/ Andres Borkamo, kommuneoverlegane, kommunalsjefar og prosjektleiar

Avklare innhald møte i styringsgruppa 16.06.17, fellesmøte 21.06.17, og Fellesnemnda 28.06.17

- Hovudtema i styringsgruppa sitt møte 16.06.17 vil bli å:
 - Gjere avklaringar knytt til møta 21.06.17
 - Avklare etablering av prosjektsekretariat
 - Drøfte dagsorden for Fellesnemnda sitt møte 28.06.17
- Avklaringar knytt til møta 21.06.17 vil bli gjort i styringsgruppa sitt møte 16.06.17
- Avklaringar knytt til møte i Fellesnemnda 28.06.17 vil bli gjort i styringsgruppa sitt møte 16.06.17

Avklaringar knytt til styringsdokumentet

- Spørsmål knytt til faseinndeling, hovudløp, sekretariat og drøftingsinstituttet vart drøfta

Eventuelt

- Utbetaling av ein eingongsstønad
 - Øystein Høyvik avklarar med leiar av styringsgruppa
- Tillitsvalte ber om at rådmennene minner eigne leiarar om at tillitsvalte har rett til fri med løn for å delta på informasjonsmøte i regi av prosjektgruppa
- Tillitsvalte ber om at rådmennen sikrar at det blir gitt god og lik informasjon til tillitsvalte og verneapparat i alle kommunane

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Kåre Træen
Nettverk for helse/omsorg
Sekom v/ Arnar Helgheim
Styringsgruppa

